Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Til medlemslaga

Innkalling til årsmøte i Ørsta idrettsråd

Ørsta idrettsråd kallar med dette inn til årsmøte i Ørstahallen, **onsdag 24. juni 2020 kl. 19.00.**

§ 17 Oppgåvene til årsmøtet

Årsmøtet skal

1. godkjenne dei frammøtte representantane
2. velje dirigent(ar)
3. velje protokollførar(ar)
4. velje to representantar til å underskrive protokollen
5. godkjenne innkallinga
6. godkjenne saklista
7. godkjenne forretningsordenen
8. handsame årsmelding for idrettsrådet
9. handsame rekneskapen til idrettsrådet, den økonomiske meldinga frå styret
10. handsame forslag til arbeidsprogram. Drøfte og prioritere planar for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling
11. handsame forslag og saker
12. vedta budsjett
13. gjere følgjande val:
    a) styre med leiar, nestleiar, 3 styremedlemmer og 2 varamedlemmer
    b) kontrollutval med to medlemmer og éin varamedlem
    c) representantar til idrettskrinstinget, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantane
    d) valkomité med leiar, to medlemmer og éin varamedlem

Saker /forslag som skal behandlast på årsmøtet må vere sendt inn til styret (helst på e-post) innan 10. juni.

Sjå § 15 i lova om møterett, talerett, forslagsrett og røysterett.

Ørsta, 26.05.2020

Med venleg helsing

Erlend Andersen
leiar